

Lindås kommune – postmottak,
Plan- og miljøutvalet,
Kvernhusmyrane 20,
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
4 - 05. 2016	
Ark. saksnr	Løpenr
15/4239	
Sakstr.	Tilgangskode

Alversund 4.mai 2016.

Klage på handsaming av sak 46/16 i plan- og miljøutvalet i møte 27.april 2016: Klage på avgjerd i søknad om dispensasjon for landgang og kai på gnr. 139, bnr. 7 Nedre Tveiten i Lindås kommune.

Viser til vår e-post av 11. april til administrasjonen med oppmoding om synfaring i samband med klagesaka. Denne merknaden vart sendt straks melding om sakshandsaminga kom og i god tid før innkalling til møtet 27.april vart sendt ut. Vidare til vår e-post av 25. april til plan- og miljøutvalet v/leiar med oppmoding om å utsetja handsaminga i utvalet til etter at det var halde synfaring. Denne vart sendt straks me såg av utlagt innkalling at det ikkje var lagt opp til synfaring den 27.april. Viser og til utlagt protokoll frå plan- og miljøutvalet sitt møte den 27. april 2016 der det går fram at saka er avgjort og klagen er avvist utan at ynskjet om utsetjing/synfaring er tatt stilling til. Heller ikkje ved første gangs handsaming i planutvalet vart det lagt opp til synfaring.

Det går vidare fram av innkalling og protokoll for møtet den 27.4 at utvalet har vore på synfaring på anna klagesak før avgjerd, noko som underteikna er vel kjent med har vore vanleg handsamingsmåte i klagesaker for utvalet tidlegare.

Ved tidlegare handsaming av klage på vedtak om naust og ei anna kailøysing i 2013 var forrige plan- og miljøutval på synfaring før det kom ei til dels positiv avgjerd i høve ei negativ administrativ innstilling. Vår søknad no er basert på ei redusert kailøysing og på at det like i nærleiken i Alversundet er gitt løyve til bygging av naust og eit omfattande kai- og landgangsopplegg og då for fritidsfremål. Utbygginga foregår i desse dagar. Det er etter vårt syn svært urimeleg at ei viktig sak for oss fastbuande og brukarar av sjøen her at ein søknad kan verta avslått utan at korkje administrasjon eller plan- og miljøutvalet med eigne auge har sett kva som er omsøkt. Avgjerd om det skal gjevast dipensasjon eller eller ikkje er ei skjønsavgjerd der føremuner for søkjar skal vegast opp mot ulempe/skade for andre partar/ålmenta. Å fatta eit slikt for oss viktig vedtak utan synfaring meiner me er ikkje er god nok sakshandsaming. Om ei synfaring vil endra utvalet sitt syn er noko anna, men det er svært vanskeleg å godta slik forenkling og forskjellsbehandling i handsaminga av saka vår. Me kjenner heller ikkje til at fylkesmannen har hatt synfaring før si innstilling.

Me bed om at saka vert tatt opp til ny handsaming att i plan-og miljøutvalet og at det då vert lagt opp til synfaring før ny avgjerd.

Me bed difor om at leiar for planutvalet om mogeleg utset administrasjonen si oversending av vedtak av 27.april til fylkesmannen til dess plan- og miljøutvalet har drøfta vårt klage på sakshandsaminga og vårt ynskje om synfaring. Jfr. vår e-post av 2.mai 2016.

Vonar dette let seg gjera.

Med venleg helsing

For Yvonne C. og Ola J. Jordal


Kåre Jordal